

## Forslag til intensivt 5-studiepoengsemne om Sosiale medier som undervises i 2010 (høst)

### Studieplan

Emnekode	DIKULT110
Emnenamn, nynorsk	Kommunikasjon i sosiale medium
Emnenamn, engelsk	Communicating with Social Media
Studiepoeng	5
Undervisningssemester	<u>Høst 2010</u>
Undervisningsspråk	Norsk.
Studienivå	Bachelor
Krav til studierett	Emnet er oppe for alle med studierett ved Universitetet i Bergen. Førelsingane er opne for alle.
Mål og innhald	Dette emnet set fokus på overgangen frå einsretta formidling til kommunikasjon mellom mange i sosiale medium der store delar av innhaldet er laga av brukarane sjølv. Studentane skal få teoretisk og praktisk dugleik i å bruke og skrive for sosiale medium som bloggar, Facebook, Twitter, YouTube m.m. til å spreie informasjon og delta i samtalar om eit tema, ein organisasjon, ein bedrift eller ei politisk retning.
Læringsutbyte/resultat	Etter gjennomført kurs skal studentane kunne: <ul style="list-style-type: none"><li>- gjere greie for grunnleggjande teoriar om sosiale nettverk og historia bak dagens sosiale medium</li><li>- gi døme på suksessfulle og feilslåtte forsøk på å nå ut i sosiale medium og drøfte årsakene til at dei har lukkast eller ikkje</li><li>- planleggje og utføre ein kampanje i sosiale medium for å spreie kunnskap om eit tema, ein organisasjon eller ein bedrift</li><li>- setje opp ein blogg og ei profilside på ein sosial nettverksstad</li></ul>
Krav til forkunnskapar	Ingen
Tilrådde forkunnskapar	Ingen
Undervisning og	Undervisinga skjer intensivt over tre dagar, med 4

omfang	timer forelesing og 3 timer øving kvar dag. Etter dette skal studentane arbeide vidare med individuelle prosjekt. Ein går til slutt gjennom prosjekta saman på ei avslutande samling.
Obligatoriske arbeidskrav	For å kunne levere mappe vert det krevja det at studenten har delteke i minst 75 prosent av undervisninga i emnet og i dei aktivitetane som undervisninga omfattar. Kursdeltaking blir godkjent av kursleiar.
Vurderingsformer (dvs. Eksamen)	Emnet blir vurdert på basis av ei mappe som skal innehalde følgjande: <ul style="list-style-type: none"> <li>- ei profilside på eit sosialt nettstad for ein organisasjon eller bedrift. Organisasjonen kan vere fiktiv og berre for øvinga si skyld eller ein kan velje ein organisasjon ein har tilknytning til.</li> <li>- ein blogg med refleksjonstekster om dei tema som ein diskuterer i emnet. Bloggen skal ha minst ti postar. Studenten skal peike ut tre av desse som særleg teljande, og desse skal til saman utgjere minimum 1200 ord. Ein av dei utvalde postane skal diskutere val gjort i oppsettet av profilsida som utgjer første del av mappa og skal også skissera ein strategiplan for korleis ein tenkjer ein kan arbeide vidare med kommunikasjon i sosiale medium for den valte organisasjonen.</li> </ul>
Karakterskala	Det blir nytta bokstavkarakterar frå A til F, der E er siste ståkarakter.
Læremiddelomtale	Ca 300 sider pensum samt kjennskap til eit utval sosiale nettstadar.
Undervisningsstad	Bergen
Emneevaluering	Emneevalueringar vert gjennomførte i tråd med UiBs kvalitetssikringssystem.
Kontaktinformasjon	Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium E-post: <a href="mailto:studierettleiar@lle.uib.no">studierettleiar@lle.uib.no</a>

## Notater til studieplanen:

### *Arbeidsbelastning for studenter:*

<b>Aktivitet</b>	<b>Timer</b>
Forelesninger	9
Forberedelse og etterarbeid i forb. m/forelesninger og øvinger	6
Øvinger	6
Gruppeveiledning	2
Forberede presentasjon av sitt prosjekt til gruppeveiledningen	2

Praktisk: sette seg inn i sosiale medier	25
Lesing av pensum (ca. 90000 ord, 80 ord i minuttet = 18.75t)	20
Skrive refleksjonstekster (1200 ord, 100 ord i timen)	12
Annen blogging	10
Les medstudenters blogger (2 timer i uken)	8
Praktisk prosjekt	25
<hr/>	
Totalt	125

Det vil være lagt opp så interesserte som ikke ønsker studiepoeng kan velge å bare følge forelesningene.

### ***Skisse til semesterplan:***

#### **Uke 1**

Dag 1: 3 timer forelesning - 2 t øving - 1 time oppsummering

Dag 2: 3 timer forelesning - 2 t øving - 1 time oppsummering

Dag 3: 3 timer forelesning - 2 t øving - 1 time oppsummering

Egenarbeid: lese, sette seg inn i sosiale medier, bestemme seg for prosjektet sitt

#### **Uke 2**

Egenarbeid

#### **Uke 3**

Egenarbeid

#### **Uke 4**

Egenarbeid + gruppeveiledning som organiseres som peer review

#### **Uke 5**

Innlevering av mappen

## **Lignende emner på UiB**

Dette emnet kan stå alene men vil fungere godt sammen med DIKULT105 Webdesign og webestetikk eller PRAKTINF. INFO114: Den sosiale veven er et emne som ved første øyekast ligner dette foreslåtte emnet men det vil ikkje være overlapp – INFO114 er mer analytisk mens DIKULT110 vil være mer praktisk og med klar fokus på å løse kommunikasjonsoppgaver. Her er studieplanen for INFO114 til sammenligning:

## **INFO114: Den sosiale veven**

### **Undervisningsspråk**

Norsk

### **Mål og innhald**

Emnet skal gi ei grunnleggjande forståing av og kritisk perspektiv på den sosiale veven, kjenneteikn ved veven, bakgrunnen for veven og plassen til veven i samfunnet.

Emnet tar for seg den såkalla sosiale verdsveven, ein vidareutvikling av veven som kjenneteiknast av deling av brukarskapt innhald og bygging av virtuelle samfunn. Teoretiske perspektiv som positiv nettverkseksternalitet og "the long tail" vert presentert og diskutert. Eit eller fleire slike system vert analysert og vurdert i detalj i ein emneoppgåve som vert utført i grupper.

### **Læringsutbytte/resultat**

Emnet gir døme på og ei oversikt over ulike typar av sosiale vevsystem, deira fellestrekk og skilnader. Utvalde sosiale vevsystem vert studert og diskutert. Gjennom arbeidet med emneoppgåva får studentane og erfaring med å analysere og vurdere slike system.

### **Krav til forkunnskapar**

Ingen

### **Undervisning og omfang**

Forelesingar

### **Obligatoriske arbeidskrav**

Ingen

### **Vurderingsformer**

2 timar karaktersettt skriftleg prøve (60%). Karaktersettt obligatorisk gruppeoppgåve (40%).

Oppgåvene må gjerast i undervisningssemesteret.

### **Kontaktinformasjon**

studieveileder@info.uib.no

### **Undervisningssemester**

Vår

### **Faglig overlapp**

Ingen